



Tingvoll, 5.11.2024

Surnadal kommune
post@surnadal.kommune.no

KALKSKOG - RESTAURERING

Vi har registrert at det nyleg er hogd eit granfelt ved Fiskja i Surnadal kommune. Dette er i eit område med kalkpåverka grunn. Ein kan dermed tru at det dreier seg om kalkskog av noko slag.



Noreg har inngått ei internasjonal avtale, Naturavtala, underteikna i Montreal for snart to år sidan, der vi har plikta oss til å verne 30% av areala våre og restaurere ytterlegare 30%, innan 2030. Til vi får vite korleis dette skal gå til, foreslår vi med dette at hogstfeltet som vi ser på biletet, frå Fiskja i Surnadal, blir planta til med artar som var der før det blei planta med gran, som eit restaureringstiltak.

Å endre strategien frå å plante einsarta skog både med omsyn til treslag og alder, til å skape ein variert skog med treslag som har vore i det aktuelle området frå før plantegrana si tid, vil truleg oppfylle krava til restaurering, eller betring av lokalitetar i norsk natur.

Vi ser for oss at ei slik restaurering vil vere effektiv på fleire vis, og ein god måte å nå måla i Naturavtala på.

Naturavtala kan berre gjennomførast ved at kommunen medverkar til det, ved å velje ut areal og gjere vedtak som skal til. Det er kommunane som rår over arealforvaltinga. Ikkje minst trengst det informasjon, slik at skogeigarane kan sjå si oppgåve i dette.

Ei slik restaurering krev i tillegg at kommunane gjev løyve jf. berekraftforskrifta § 5, 8. ledd, slik at lauvtre kan vere teljande når det skal vurderast om planteplikta er oppfylt.

Vi ber kommunen setje i gang prosessar med tanke på å oppfylle naturavtale ved å få ein meir mangfaldig skog.

Vi vil gjerne bli haldne orientert om dykkar arbeid med dette.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær